



**RADØY KOMMUNE**

**NOTAT**

## **Statuttar**

for

David Johnsens fond for ungdom til vidare utdanning

### § 1

Fondet er skipa i medhald av skomakarmeister David Johnsens testatente av 16. august 1950.

Desse statuttane kjem i staden for fondets statuttar av 11. april 1961. Fondet er underlagt lov av 23. mai 1980 nr. 11 om stiftelser m.m.m og tilhøyrande forskrifter.

### § 2

Fondets kapital er på kr. 252.746,57 pr. 1. januar 1985 som er plassert i bank. Grunnkapitalen med tillegg som nemnt i § 4, må ikkje minkast.

### § 3

Fondet har til føremål å yta hjelp til ungdom frå Radøy kommune til vidaregåande skule og studier, i første rekkje innan handverks-, handels- og landbruksfag.

Personar som høyrer til testator si slekt og som er fødte i Radøy kommune, og busett både i og utanfor Radøy, har førerrett til midlar frå fondet dersom dei elles fyller vilkåra for å verta tildelt porsjonar frå fondet.

### § 4

Etter administrasjonsutgiftene er dekkja og minst 10% av avkasninga er lagt til fondets kapital, vert det delt ut eit høveleg tal legatporsjonar kvar på 3000,-.

Legatporsjonane vert delt ut ein gong pr år innan 1. desember etter kunngjering i lokalavisene i Nordhordland og ei dagsavis i Bergen.

### § 5

Fondet vert styrt av eit styre på 3 personar oppnemnd av Radøy formannskap. Oppnemninga av styret skal følgja valperioden.

Skulesjefen skal vera forstandar for fondet. Forstandaren kan få ei årleg godtgjering etter innstilling frå styret og med godkjenning av fylkesmannen.

### § 6

Rekneskap for fondet vert å leggja fram kvart år innan utgangen av februar månad og skal sendast fylkesmannen i revidert stand.